

Eit interkommunalt samarbeidsorgan (kommunalt oppgåvefelleskap) for kommunane Giske, Fjord, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vestnes, Volda, Vanylven, Ørsta og Ålesund.

## Møtereferat

### Styremøte 18. november 2020

Styremøtet vart halde som eit kombinert fysisk og digitalt møte. 5 styremedlemmar deltok digitalt og 7 styremedlemmar møtte fysisk i Volda kommune, kommunestyresalen i Samfunnshuset. Innkalling vart sendt ut i oktober og saklista den 13.11.2020.

Frammøte frå styret: 12 av 13 møtte.

<b>Kommune:</b>	<b>Styremedlemmar:</b>
Ålesund	Vebjørn Krogsæter - leiar
Fjord	Eva Hove – nestleiar (deltok digitalt)
Giske	Jan Ove Skodje
Stranda	Jostein Dalen (deltok digitalt)
Sula	Trygve Holm
Sykkylven	Trond Bonesmo
Ulstein	Berit Sandvik Skeide (deltok digitalt)
Vanylven	Forfall
Vestnes	Skafti Helgason (deltok digitalt)
Volda	Ola Einang
Ålesund	Jarle Hauge Steffenssen
Ørsta	Karen Høydal
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes (deltok digitalt)

Andre frammøtte: Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar SFR  
Pål H. Høyberg, driftsleiar SFR  
May Britt Haukås, rådgjevar, fagansvar for StikkUT! SFR (deltok digitalt)

Ingbjørn Bredeli, fylkeskoordinator FNF (deltok digitalt i sak 44/20)  
Ordførar Sølvi Dimmen og planleggar Torgeir Stensø Volda kommune  
(deltok ved møtestart)

#### Møtet starta klokka 18.

Ordførar i Volda Sølvi Dimmen helste styret velkomne til Volda og saman med planleggar Torgeir Stensø og presenterte dei planarbeidet i kommunen i lys av friluftinteressene.

Ettersending til styret: Presentasjon av Torgeir Stensø, Volda kommune gitt i møtet.

## Sak 42/2020: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte

Vedlegg: Møtebok frå styremøte 30.09.2020 - [lenke](#)

Vedtak:

**Innkalling og sakliste vert godkjend. Møteprotokoll styremøte 30.9.2020 vert godkjend.**

## Sak 43/2020: Orienteringar

Dagleg leiar/adm. orienterer kort om status, framdrift og evt. endringar i prosjektarb./drift:

- **Status Drift Land** (drift toalett og statleg sikring er også eigne saker)  
**Status Skjergardstenesta**
- **Status Prosjekt marin forsøpling**
- **Status Aktivitet**
- **Status Leikepatruljen** og innvandrarprosjekt
- **Status Stikk UT!** (dette er også eiga sak)
- **Status personalmessige og administrative forhold**
- **Andre dagsaktuelle orienteringar**
  - Styreleiar, som også er nestleiar i Friluftsrådernes landsforbund, orienterte om FL sitt arbeid for å påverke statsbudsjettet, jf. tidl. e-post til styret.

Vedtak:

**Styret tek orienteringane til vitande.**

## Sak 44/2020: Statleg sikring av friluftsområde

Saksopplysing:

Statleg sikra friluftslivsområde er (mindre) geografiske område som det offentlege har skaffa seg rådighet over ved kjøp eller avtale om bruksrett. Gjennom sikringsprosessen har kommunen eller interkommunalt friluftsråd tatt på seg drifts- og tilsynsansvaret for området, og har akseptert å følge dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av området. Framgangen for å søke om statleg sikring av friluftsområde er beskrevet på [Miljødirektoratet sine sider](#). Oversikt over statleg sikra friluftsområde finn ein via [GIS kartdatabase](#).

Ingbjørn Bredeli, fylkeskoordinator Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal, presenterte for styret kvifor statleg sikring er viktig og korleis ein skal gå fram i prosessen.

Ettersending til styret: Presentasjonar av Ingbjørn Bredeli FNF, gitt i møtet:

- Sikring av friluftsområde
- Friluftstinteressene og konsesjonslova
- Oversikt 2020 over alle statleg sikra område i kommunane på Sunnmøre (tabell)

Framlegg til vedtak:

**Styret tek til orientering informasjonen om statleg sikring til orientering og ber friluftsrådet sende ut eit skriv til kommunane om temaet.**

## **Sak 45/2020: Toalett i friluftsområda drifta av friluftsrådet – status og framtid**

### Saksopplysing:

Friluftsrådet eig og driftar 25 toalett i friluftsområde på Sunnmøre i dag, 12 vakuumtoalett og 13 muldo. Det er stort behov for tilgjengelege toalett i friluftsområde både ved sjøen, på øyene og i fjellet/ved skiløyper. Både medlemskommunane og frivillige lag og organisasjonar etterspør om Sunnmøre friluftsråd, vil etablere og drifte toalett eller vil overta eigarskap og/eller drifta av toaletta i deira friluftsområde. Problemstillinga er mellom anna at friluftsrådet ikkje har direkte driftsmidlar til tilsyn og reparasjon av toalett.

Driftsleiar Pål Høyberg i Sunnmøre friluftsråd informerte styret om toalett som friluftsrådet eig og driftar i dag, behovet i medlemskommunane og utfordringar vi står overfor framover ift. drifts- og vedlikehaldskostnadar m.v.

Ettersending til styret: Presentasjon/bilete vist av driftsleiar Pål Høyberg, SFR, gitt i møtet.

### Vedtak:

**Styret ber friluftsrådet starte eit strategiske arbeid med kva retning driftsarbeidet med toalett skal gå, og legge fram ei ny sak for styret våren 2021.**

## **Sak 46/2020: Oppsummering Stikk UT! Sommarsesongen 2020 og Stikk UT! Vinter: Ski og Fottur**

### Saksopplysing:

Det er 12% av befolkninga i fylket. Statistikken for årets Stikk UT!-sesong viser ein auke: 32 534 aktive brukarar har registrert 863 007 turar. For medlemskommunane i Sunnmøre friluftsråd er tala 17 410 brukarar som har registrert 404 269 turar. Det er ein stor auke i talet på deltakarar i alle aldersgrupper. Som tidlegare er kvinner 40-60 år dei ivrigaste brukarane. 75% av dei registrerte turane er i kategorien nærtur. Koronapandemien er nok ein stor del av forklaringa på auken i 2020.

Stikk UT! Vinter vert no inndelt i StikkUT! Ski og StikkUT! Fottur, der fottur er eit nytt konsept for å gi eit tilbod til dei som ønskjer fotturar i vinterhalvåret. Alle medlemskommunane deltek, utanom ein, det blir i hovudsak sentrumsnære turar. Sesongstart 15.12.

Rådgjevar May Britt Haukås, SFR presenterte statistikk for sesongen 2020.

Ettersending til styret: Oppdatert presentasjon statistikk StikkUT! sesongen 2020

### Vedtak:

**Styret tek informasjonen om Stikk UT! og Stikk UT! Vinter: Ski og Fottur til førebels orientering.**

## **Sak 47/2020: Status økonomi per oktober 2020**

Saksopplysning:

Tre vedlegg var sendt ut med saman med sakspapira: Resultatrekneskap okt. 2020, kontospesifikasjonar og kommentarar frå rekneskapsførar.

Framlegg til vedtak:

**Styret tek status økonomi oktober 2020 til orientering.**

## **Sak 48/2020: Medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon**

Saksopplysning:

Sunnmøre friluftsråd er p.t. ikkje medlem av ein arbeidsgjevarorganisasjon.

[Samfunnsbedriftene](#) er den leiande organisasjonen for bedrifter i kommunal sektor og organiserer om lag 540 bedrifter med offentlig eigarskap eller som leverer tenester til det offentlege. Dei samarbeider tett med KS. Fire andre friluftsråd er p.t. medlemmar. Samfunnsbedriftene gir arbeidsgiverservice, ulike juridiske tenester (forretningsjus) og påverknads-/interessearbeid overfor myndigheitene. Medlemsavgifta er 15.000,- per år, samt 0,32% av arbeidsgjevaravgiftspliktig lønnsyting.

Vedtak:

**Styret vedtek at Sunnmøre friluftsråd skal melde seg inn i arbeidsgjevarorganisasjonen Samfunnsbedriftene.**

## **Sak 49/2020: Ymse**

Styremedlem frå Volda Ola Einang tok opp ein sak om flathogst som kjem i konflikt med turstiar i Volda kommune. Styremedlemmet tek direkte kontakt med Volda kommune om dette.

**Møtet var slutt klokka 20.30.**

**Neste styremøte vert i januar, dato vert sendt ut seinare.**

Referent

Anne Berit Støyva Emblem - dagleg leiar

Lokale media får referatet tilsendt (Sunnmørsposten, Vestnesavisa, Bygdebladet, Storfjordnytt, Øy-Blikk, Nordre, Nytt i Uka, Sulaposten, Sunnmøringen, Vikebladet, Møre og Møre-Nytt, NRK Møre og Romsdal, Sykkylvsbladet og Synste Møre)